



Slepp Klara og dei andre damevenne å gå til tvangstiltak?

Aktivitetshusets Damevenner gjekk for eitpar veker sidan ut på humørfyllt og innbydande vis og averterte etter ein herreavdeling til å hjelpa dei med praktiske ting som dei ikkje kan makta sjølv. Kunngjeringa ligg framleis under "lag og organisasjonar" på uskedalen.no.

Damene venta nok ikkje nokon direkte massiv reaksjon, men no viser det seg at ikkje ein einaste kar har meldt seg til teneste.

- Korleis skal ein tolka dette? Er ikkje dette direkte flaut?

Uskedalen.no stiller spørsmåla til venneleiar Klara Bakke.

- Vi tek trass alt den manglande reaksjonen med godt humør. Det er truleg falsk beskjedenheit som gjer seg gjeldande. Eg er heilt viss på at mange herrar vil hjelpa oss når det verkeleg gjeld. Men det kan nok henda at vi må hanka inn karane etter kvart som vi får bruk for dei.

- Og når får dykk bruk for nokon?

- Når det nærmar seg julemesse treng vi mykje ljøs og då ligg sjølvsagt elektrikarane i bygda tynt an. Seinare vil få på bruk for ymse kategoriar, mellom anna til vakt-teneste.

Det ville sjølvsagt vera positivt om herrene kunne melda seg friviljug, så vi slepp å gå til tvangstiltak, humrar Klara.

Av Ola Matti Mathisen